

Spørsmål til møte i KULI 19. mai 2020:**Korleis kan Vestland fylkeskommune medverke til at det kjem på plass nødvendig avklaring om statleg medfinansiering i løpet av 2020 til eit verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta på Sandane i Nordfjord?****Bakgrunn**

Frå middelalderen fram til ca 1900 var det hundrevis av jekter frå Finnmark i nord til Rogaland i sør som frakta varer til og frå Bergen (ei jekt er eit ope fraktfarty segla med ei mast og råsegl. Dette er middelalderen sitt fraktfartøy, som kom etter vikingane sin knarr).

No står berre éi jekt igjen, ved Gløppefjorden i Nordfjord. Holvikejekta, bygd på Sandane i 1881, har stått i eit ope naust sidan den vart sett på land for godt i 1907. Jekta er eigd av Musea i Sogn og Fjordane, og det har i ei årrekke vore arbeid med å få på plass eit verne- og formidlingsbygg.

Prosjektet er kostnadsrekna til ca. 30 mill NOK. Gløppen kommune har garantert for 10 mill. Det vert søkt om 10 mill. frå staten og 10 mill. frå fylkeskommunen (tredelt finansiering av museumsbygg mellom kommune, fylke og stat.

Søknad om nasjonalt kulturbygg vart fyrste gong sendt Kulturdepartementet 1.mars 2019. Søknaden vart då avslått med grunngjevinga at fylkeskommunal finansiering ikkje var avklara. Etter det har museet kvalitetssikra grunnlaget. På oppdrag frå museet er det utarbeidd eit skisseprosjekt med tekniske løysingar knytt til elektro, VVS og brann.

Hardanger Fartyvern har kartlagt tilstanden og konstruksjonen til jekta og skrive ein tilstandsrapport med anbefalingar om oppstøtting og klimaregulering. I følgje fartyvernsenteret er tilstanden til Holvikejekta forverra dei siste åra. Det går fram av rapporten at insekt og rote er ein stor trussel, og at jekta bør kome i eit hus kor fuktsvingingane er minimale i løpet av eit år. Ein klinkbygd båt er ein sterk konstruksjon, men når festemidla forsvinn eller bordgangane sprekk opp rundt festemidla, slik som på Holvikejekta, er det ikkje lengre tilfellet. Det hastar difor å få hindra forfallet.

Ein ny og forbetra søknad med desse rapportane, samt oppdatert prospekt og støtteerklæringar, vart sendt frå Musea i Sogn og Fjordane til Kulturdepartementet 29.02.20 og Vestland Fylkeskommune 27.03.20. Det er sterkt ønskjeleg å få på plass avklaring om statleg medfinansiering seinast i samband med Statsbudsjettet for 2021, som blir slutført i august/september 2020.

Kvifor er saka viktig?

Holvikejekta er anerkjent av fagmiljøa (Norsk forening for fartøyvern, Forbundet Kysten, Jektefartmuseet og anerkjende fagpersonar frå Vikingskipmuseet, Sjøfartsmusea og universiteta) som eitt av dei viktigaste maritime kulturminna i Noreg. Medan andre jekter vart ombygde eller destruerte, vart Holvikejekta bevart i opphøveleg stand.

Holvikejekta er uvanleg stor: 20 meter lang og 8,5 meter brei. Den er klinkbygd, ein 3000 år gammal byggeteknikk som framleis er levande i dagens vestlandske tradisjonsbåtar. Vi har ein rik munnleg tradisjon om jektefarten på Vestlandet, då store delar av befolkninga i vår region var involvert i jektefarten, enten som byggarar, eigarar, mannskap, seljar eller kjøpar av varer.

Formålet med prosjektet er å bevare og vise Holvikejekta i mest muleg opphøveleg stand, for notida og for framtidige generasjonar. Holvikejekta er det største klinkbygde fartyet i Nord-Europa. Den er

ei kjelde til ein byggetradisjon, ein fartstype og eit sosialt system. Effekten av byggeprosjektet vil vere å sikre jekta som ei viktig historisk kjelde og å auke attraksjonsverdien, skape fleire besøkande og auke opplevingsverdien til dei som kjem.

Det noverande bygget jekta står i gjev noko vern mot regn og sollys, men ikkje svingingar i temperatur og fukt, brann og skadeverk. Jekta er i eit område med skadedyr og slik jekta står no, er dette vanskeleg å kontrollere. Uvêr den siste tida viser dessutan at det noverande bygget ikkje gjev nok vern mot vind og springflo.

Per i dag har publikum berre høve til å sjå jekta ute, gjennom netting frå eit lite galleri på eine sida. Eit kulturbygg, der vi har kontroll på klima, oppstøtting og tryggleik, vil vere ei ramme som står i forhold til den store kulturhistoriske verdien jekta har. Det vert lagt til rette for å ta imot besøkande på ein god måte og gjev mulegheit til heilårs formidling.

I 2019 opna Jektefartsmuseet i Bodø. I form av sin byggeteknikk, historie og geografiske plassering vil Holvikejekta komplettere formidlinga av jektefarten i Noreg.

Alfred Bjørlo, Venstre